

# Hallingdal brann- og redningsteneste iks

## MØTEPROTOKOLL

### Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks

**Møtestad:** Teams

**Møtedato:** Torsdag 06.06.2024

**Tid:** 11<sup>30</sup> – 13<sup>00</sup>

**Handsama saker:** 4/24 – 7/24

**Tilstades:** Solveig Vestenfor, Ål kommune, leiar  
Heidi Granli, Gol kommune, nestleiar  
Merete Gandrud, Flå kommune  
Anne Kari Eriksen, Nesbyen kommune  
Pål Rørby, Hemsedal kommune

**Forfall:** -

**Andre:** Håkon Myro, styreleiar  
John Bjella, brannsjef

**Diverse merknadar:** ingen

**Underskrifter:**

**Stad:** Torpomoen

**Dato:** 06.06.2024

---

Solveig Vestenfor  
leiar

---

John Bjella  
brannsjef

#### Møteprotokoll er sendt til:

- Hemsedal kommune
- Gol kommune
- Ål kommune
- Nesbyen kommune
- Flå kommune

# SAKSOVERSIKT

Saksnr.	Tittel
Sak 04/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 05/24	Årsregnskap og årsmelding 2023
Sak 06/24	Status økonomi 2024
Sak 07/24	Eventuelt



## SAKSNR. SAKSPROTOKOLL

### 4/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Vedtak i Representantskapet:

Innkalling og sakliste vert godkjent

### 5/23 Årsregnskap og årsmelding for 2022

#### Saksopplysningar:

Hallingdal brann- og redningsteneste hadde i 2023 eit samla ordinært resultat på kr. -375.543,-. Det var som budsjettert ordinært resultat på kr. -388.000,- Av det var det budsjettert med at kr. 428.000,- skulle dekkast frå fond (-560.000, - fra disp.fond og + 132.000 i avsetning til sjølvkostfond - 40.000 til utgifter i kap. regnskapet). Meirforbruket på kr. 375.543,- minus 40.000,- til utgifter i kapitalregnskapet, totalt kr. 415.543,- er dekt inn ved frå disposisjonsfondet. Beholdning på disposisjonsfondet er etter dette redusert frå kr. 965.514,- til kr. 550.783,- Mens sjølvkostfondet er auka frå -1.907.537,- til -1.818.242,-.

Sjå elles note 4 for kommentarar på retting av feil ved disposisjonsfond i 2022, ved at negativt sjølvkostfond blei dekt frå disp.fond.

#### Teneste 3391 – Brann og ulykkesberedskap

Resultatet for tenesta Brann og ulykkesberedskap i 2023 vart eit merforbruk på kr. 2.985.437, - Men medregnet premieavvik KLP, momsrefusjon på investering og motpost avskrivningar fekk tenesta eit meirforbruk på kr. -646.316,- som var kostnader på lovpålagt utdanning i 2023, som blei noko høgare enn budsjettert på dekking av kr. -560.000, - frå disposisjonsfondet. Hovedtrekka i årsakene til meirforbruket er:

#### Høgare kostnader enn budsjettert:

- høgare kostnader på varer og tenester enn budsjettert.
- Slitasje på innsatsmateriell som måtte byttast
- Høgare kostnader pga. fleire utrykkingar enn budsjettert, samt kostnader på kr. 764.000,- for innsats under «Hans», som i hovedsak er lønnskostnader på meirarbeid.

#### Høgare kostnader er kompensert noko med høgare inntekter:

- Ca. kr. 600.000 av kostnadene på 3391 er dekt inn av inntekter på salg av kurs, sjå note 10.
- Inntekter på fakturering av automatiske brannalarmer



Omlag 78% av kostnadene i selskapet er lønn. Og 77% av lønna er utrykningar og øvingar. Utrykningar har auka med 60% frå 2016 til i dag. Det er difor ikkje mogeleg å spare meir kostnader på lønn utan å redusere på tenestene.

Utrykningar me får som er utanfor oppgåveportefølja, samt automatiske brannalarmer vert fakturert. Det utgjør auka inntekter.

#### Driftskostnader:

Budsjetta har dei siste åra auka vesentleg, men likevel mindre enn kostnadsauken på same tid. Det har ført til at me over fleire år har utsett å ta kostnader på slitt utstyr. Det gjer at utstyr ein må ha for løyse oppdraga til slutt er utslitt eller ryk. Me har eit stort etterslep på utskifting av verneklede, sko og hjelmar. Og me har for få røykdykkarflasker. Men fordi mange av dei postane me ikkje kan styre aukar mykje så har me lagt inn svært lite auke på andre postar. Mange av dei største postane på driftskostnader har me liten mogelegheit til påverke sjølv. For eksempel:

- Nødnettskostnader (Datakommunikasjon) ca. 1 million.
- Forsikringar kr. 200.000,-
- Lisensar programvare. kr. 140.000, -
- Kjøp frå interkommunale samarbeidstiltak - Sør-Øst 110. kr. 1.2 million
- Drift av transportmidlar kr. 1,5 million. Service, dekk, forsikringar, drivstoff.

Dvs. at 4 av 7 millionar i driftskostnader har me liten påverknad på. Resten av driftskostandene er vanskeleg å spare fordi det vil gå ytterlegare utover drifta. Det må likevel presierast at me reduserer kostnader der me kan.

#### Status økonomi pr. 3. juni 2024:

Liste: Ansvar - Teneste - Inntekter/Utgifter - Art - P...	Regnskap 2024	Budsjett 2024	Forbruk i %	Regnskap 2023	Budsjett 2023
ALLE	-6 127 385	-13 598 000	45,06	-4 709 802	-12 668 000
8410 Hallingdal Brann- og redningsteneste	-9 371 591	-16 909 000	55,42	-7 851 857	-15 468 000
> 2851 Tjenester utenfor ordinær kommunal virksomhet	0	0	0,00	0	-250 000
3391 Brann og ulykkesberedskap	-9 371 591	-16 909 000	55,42	-7 851 857	-15 218 000
> Utgifter	15 084 156	13 973 000	107,95	13 443 434	12 275 000
> Inntekter	-24 455 747	-30 882 000	79,19	-21 295 291	-27 493 000
8411 Hallingdal feiarvesen	3 244 206	3 311 000	97,98	3 142 055	2 800 000
> 3382 Feietjenester	3 244 206	3 311 000	97,98	3 142 055	2 800 000

Regnskapet er pr. 3. juni, dvs. at lønn ikkje er utbetalt for mai. Men på den andre side er ikkje periodiseringa heilt reell. Me får fleire store kostnader fyrst på året som gjeld heile året, periodiseringa tek ikkje høgde for det. Likevel ligg me framleis an til eit meirforbruk i 2024 som me ikkje kan dekke inn av disp.fondet.

#### Brannsjefen si tilråding til vedtak:

Representantskapet tek saka til orientering

#### Vedtak i representantskapet:

Representantskapet tek saka til orientering

## 9/23 Eventuelt

#### Saksopplysningar

Det kom ingen saker på eventuelt